



Miljødirektoratet

v/Fylkesmannen i Rogaland

fmropost@fylkesmannen.no

17. april 2015

KLAGE – LØYVE TIL Å PLANTE SITKAGRAN – HETLAND I BJERKREIM

Vi viser til vedtak gjort av Fylkesmannen i Rogaland 16.03.2015, sak 2015/696. Vi ønskjer med dette å klage på fylkesmannens vedtak, og ber om at søknad om utplanting av sitkagran blir avslått på grunn av negative konsekvensar for truga natur. Vi viser vidare til førebels klage innsendt 31.3.2015

Naturvernforbundet, SABIMA og WWF klager på utplanting av den svartelista sitkagrana i nærleiken av område der det er registrert fleire raudlista artar, hole eiker og sårbare naturtypar. Sitkagran er eit framandt treslag som spreiar seg frå plantefelt og har store konsekvensar på norsk natur, ved å skugge ut stadeigne planter og utkonkurrere naturlege artar. Vi meiner det er spesielt uheldig at ein ønskjer å plante ut sitkagran i nærleiken av sårbare og truga naturtypar, og ber derfor om at klaga får oppsettjande verknad.

I vedtaket er det opplyst at utplantingsarealet består av «*utmarksareal, i hovudsak edellauvskog, men også myr og kysthei*». Dette er naturtypar som alle kan vere truga eller at dei etter forskriftene/norsk PEFC-skogstandard ikkje skal utsettjast for treslagsskifte. Viss ein ikkje kan slå fast at området er vurdert av biolog med tanke på dette, så er det nødvendig å få ei slik vurdering.

Området ligg heilt i utkanten av det arealet som Jordal gjorde undersøkingar på i 2006¹. Det er kartlagd verdifull kystlynghei vest for omsøkte areal. Vidare er det nokre få lokalitetar langs ein veg (1,3,4 og 5 på figur 1.) som er tatt med nord for omsøkte areal. Jordal konkluderer i samandraget at det framleis er vesentlege manglar både med omsyn til dekningsgrad og kvalitet for kartlegging av kystlynghei i Rogaland.


¹Jordal, J. B. 2008. Supplerande kartlegging av naturtypar i Rogaland i 2006. Fylkesmannen i Rogaland, miljøvernadv, 1-156

Naturvernforbundet
Mariboeg gt 8,
0183 Oslo
naturvern@naturvernforbundet.no

SABIMA
Pb. 6784 St. Olavs plass,
0130 Oslo
sabima@sabima.no


WWF-Norge,
Postboks 6784 St. Olavs Plass,
0130 Oslo
wwf@wwf.no

Figur 1. Dekningskart til Jordal sin rapport. Svart kross markerar omsøkte planteområde.



Så lenge ein ikkje har klarlagt noko om det er gjort nye undersøkingar, må ein legge til grunn at sannsynet er stort for at det er vesentlege manglar knytt til kunnskapsgrunnlaget. Det er t.d. registrert fleire raudlista sommarfuglartar, som hovudsakleg er avhengige av open mark, like vest for feltet. Det er difor nærliggande å tru at ein burde gjera biologiske undersøkingar i omsøkt område, spesielt då dette opplysnas dels å vere beitemark, dels edellauskog, som kan romme eit stort artsmangfald og potensielt sjeldsynte arter.

Registreringane av klokkesøte i dette området, jf. Artskart, fig. 2, viser også ei utbreiing som kan tyde på at det er mangelfulle undersøkingar i omsøkte utplantingsområde.



Figur 2. Artskart 29.3.2015. Klokkesøte.

I vedtaket er det lista opp naturtypar og artar som er kjent frå områda rundt omsøkte utplantingsareal.

Områdenamn	Naturtype	Verdi	Avstand til utsetjingsområdet	Retning frå utsetjingsområdet
Hetland	Gammal fattig edellauvskog	A – svært viktig	30 m	Sør for feltet
Hetland	Kvit tigerspinnar (EN), grått lyngheifly og gulflekksmygar (NT)	Sterkt trua (EN) Nær trua (NT)	400 m	Sør for feltet
Nålknuten	Klokkesøte	Sårbar (VU)	1,05 km	Nord aust for feltet
Dybingenmyrene	Intakte låglandsmyrer	B – viktig	1,18 km	Søraust for feltet
Engjadalen	Saaristoa firma (edderkopp)	Sårbar (VU)	1,50 km	Sør(vest) for feltet
Tengesdal	Beiteskog	B – viktig	1,86 km	Søraust for feltet
Grastjørna	Intakte låglandsmyrer	B – viktig	1,94 km	Vest for feltet
Ognavatn	Intakte låglandsmyrer	B – viktig	1,98 km	Nordvest for feltet

Fylkesmannen har i sitt vedtak lista opp dei forskjellige lokalitetane og artane som er kjent i det næraste området. Det vi saknar er ei god vurdering av korleis desse er påverka av den skogen som er planta i dag, og av andre årsakar, og korleis påverkinga kan bli i tiåra framover. Dette seier Fylkesmannen svært lite om. Vi finn ei konkret vurdering, ved at Fylkesmannen nektar løyve til planting på eit mindre areal med edellauvskog. Ved å plante sitkagran rundt dette edellauvskogsarealet, vil elles fragmenteringsverknaden på edellauvskogen bli auka, og verdien av dette edellauvskogsarealet vil dermed bli redusert.

I vedtaket blir det gjort ei form for oppsummering av naturverdiane som er på sjølve plantearealet: «Bortsett frå myr, noko edellauvskog og einskilde store eiketree og gadd, kan me i dette høvet ikkje sjå at tiltaket direkte legg beslag på, eller vesentleg truar, stadeigne naturkvalitetar.» Det burde vere rikeleg god grunn til at ein ikkje tillet bruk av ein art som står oppført med risiko SE på svartelista, særleg når det til forskrifta er opplyst at ein normalt ikkje bør gi løyve til denne risikoklassa.

Rekruttering til den utvalde naturtypen hole eiker

Hole eiker er ein utvald naturtype. Desse er delvis utanfor planteområde, delvis innafor. Det går fram av saka at det berre er gjort ei avgrensa og skjønsmessig vurdering av desse. Hole eiker er eit heilt lite økosystem i seg sjølv, og vedlikehald av desse økosystema skjer mellom anna ved at yngre eiker får lov til å utvikle seg slik at dei i framtida vil bli både store og hole. Det er sannsynlegvis få tiltak som kan hindre ei slik utvikling meir effektivt enn å plante sitkagran. Utmarksareal som er langt frå produksjonsskog gir heilt andre vilkår for forynging av eik enn det eit plantefelt av sitkagran kan gjere. Sjølv om Fylkesmannen i dette høvet har sagt noko om at ein ikkje bør plante tett inntil eksisterande eiker, så er det ikkje sagt noko konkret om kva dette vil seie. Dermed vil det vere umogleg for Fylkesmannen seinare å følgje opp dette punktet. Dessutan må ein alt no passe på at det kjem ein ny generasjon eik etter dei som alt er store og hole og etter dei som skal bli det om hundre år. Dette er heilt umogleg i plantefelt med sitkagran. Ein avstand på mindre enn 30 meter er ikkje aktuelt, og ein slik avstand gjeld også frå slike eiker som står utanfor omsøkte planteområde.

Manglande vurdering av samla verknad på det biologiske mangfaldet

Fylkesmannen sitt vedtak: *«Ettersom sitkagrana her skal plantast i eit område med ein del annan planteskog og framande treslag, og eksisterande plantefelt med utanlandske treslag, norsk gran eller lauvskog er mykje nærare dei prioriterte naturtypene og raudlista artane enn dei omsøkte felta, vil dei omsøkte bestandane utgjera ein liten skilnad på det totale frøpresset. Fylkesmannen i Rogaland vurderer ei utsetjing av sitkagran i område som alt har mykje sitkagran og framande treslag, til å ha liten ekstra negativ påverknad på økosystemet i området.»*

Fylkesmannen har her oversett at det er mogleg å nekte ytterlegare utplanting av utanlandske treslag, med den følgje at det vil minke på skogen av utanlandsk opphav etter kvart som noverande skog blir hogstmoden. Vidare ligg det føringar i at Noreg har både ei raudliste og ei svarteliste. Artar står på raudlista fordi dei er truga viss ein held fram på same viset som til no, og ein art står på svartelista fordi han lett vil føre til at artar hamnar på raudlista, eventuelt at artar som alt er der blir utrydda. Nettopp Fylkesmannen har ei sentral rolle når det gjeld forvaltning av artar og naturtypar, slik at ingenting av dette blir utrydda.

Det er ikkje gjort noka vurdering av samla verknad på økosystemet etter naturmangfaldlova § 10 når det gjeld t.d. truga naturtypar og truga artar i området. Viss nokon av dei er i tilbakegang, som dei normalt er når dei er ført opp på raudlista, så vil sjølv mindre endringar i positiv lei vere ein fordel, og sjølv mindre negative endringar kan vere avgjerande for at verdiar blir borte. Den summariske vurderinga som er gjort i saka er ikkje tilfredsstillande.

Vilkåret om fjerning av rømlingar i framtida

Fylkesmannen bruker si standardformulering om at plikta til å rydde rømlingar først skal praktiserast når skog planta før 2012 er hogd. Det er vidare ikkje sagt noko om andre bestand av sitkagran i området når det gjeld alder. Plikta til å fjerne rømlingar er dermed utsett på ubestemt tid. Då har Fylkesmannen mellom anna oversett at det har vore plikt til å fjerne rømlingar i alle fall sidan ein gong på 1990-talet. Dessutan let Fylkesmannen aktivt vere å bruke eit avbøtande tiltak som fjerning av rømlingar kan vere.

Dette er forhold som vi og har påpeika i tidlegare klager, som t.d. klage av 4. mars i år på løyve til utplanting i Eigersund kommune.

Vindspreiing

Det er i vedtaket sagt noko om dominerande vindretning og at viktige naturtypelokalitetar ligg i meir uvanlege vindretningar.

I DN-utredning 8-12² står det i tilrådingane pkt. 4:

² H. Sandvik 2012. Kunnskapsstatus for spredning og effekter av fremmede bartrær på biologisk mangfold. DN-utredning 8-2012

«Minsteavstanden til sårbare områder må ta utgangspunkt i langdistansespredning, ikke i kortdistansespredning. Basert på estimatene i tabell 8 og erfaringene fra andre land (spesielt New Zealand) bør minsteavstanden ligge rundt 5 km i hovedvindretninga og rundt 2 km i andre retninger. Noe avhengig av treslaget det er snakk om, bør sårbare områder omfatte (men ikke nødvendigvis være begrensa til):

- åpne landskap (boreal hei, kystlynghei, fjellhei m.m.) i den grad de har kulturhistorisk eller økologisk verdi (f.eks. sårbare eller trua naturtyper);
- verneområder;
- soner som er vedtatt å være fri for fremmede treslag.»

Det blir vist til at det er eksisterande skog som vil stoppe frøspreiing. Ein av fleire føresetnader for at eksisterande skog skal ha slik verknad er at han står der også når nyplantingane er komen i den alderen at dei er frøberande. Det er ein saksopplysning som manglar, og det er ikkje særleg sannsynleg at skog som no står rundt omsøkte planteareal vil bli ståande til dei nye planteareala er hogd. Følgjeleg vil det vere ein periode der omliggande skog ikkje har verknad som skjerm.

Konklusjon

Det manglar heimel for vedtaket. Hole eiker som er ein utvald naturtype vil bli negativt råka, noko som er alt anna enn ein særleg grunn til å kunne bruke eit utanlandsk treslag med svært høg risiko (SE). Dekningsgraden for naturtypekartlegginga i området kan ha manglar. Det manglar vesentlege vurderingar etter naturmangfaldlova. Prinsippa for når rømlingkontroll skal starte er uakseptable. Vedtaket må omgjerast slik at heile søknaden blir avslått.

Oppsetjande verknad

Sidan det er vesentlege manglar kring heimelen for vedtak og vurderingar etter naturmangfaldlova, ber vi om at klaga får oppsetjande verknad.

Med venleg helsing

Honorata Kaja Gajda
rådgjevar i naturmangfald, Naturvernforbundet

Christian Steel
generalsekretær, SABIMA

Heidi Sørensen
teamleder, WWF-Norge